

HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV AUGUST 2004.

ÅRGANG 40

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 – 19.00

Møtested: Klubbhuset til
Hareid IL
6060 Hareid

President: Ingar Bigset

Visepres.: Arve Røyset

Sekretær: Trygve Riise

Kasserer: Oddvar Haugen

Past pres.: Elisabet Sundgot

Styremedlem: Arne Lillebø

Styremedlem: Hans Gisle Holstad

Leiar ungdoms

utveksling: Otto Holstad

Ansv. Red.: Sverre Bjåstad

Referent: Nils Yngve Nupen

Fødselsdager i august:

Einar Holm 12.08

Odd Arne Holstad 13.08

Håkon Brekke 27.08

100%frammøte i august 2004:

Svein Johs. Flø, Johs. J. Hareide, Arve

Røyset, John Stennes, John Jarle

Holstad

Dei vil alltid klaga og kyta

Dei vil alltid klaga og kyta at me
ganga så seint og så smått; men eg
tenkjer dei tarv ikkje syta:
me skal koma om ikkje så brått

Ja, det skyt ikkje fram så det dunar
som no ingen kan undrast oppå -
;men det monar då jamt, ja det
monar så det stundom er hugnad å
sjå

Lat det ganga fram, lat det sigal!
Berre eitt eg ynskjer og bed:
at me ikkje så høgt måtte stiga
at me gløyma vår fedrane-sed

Lat oss ikkje forfedrane gløyma
under alt som me venda og snu,
for dei gav oss ein arv til å gøyma,
han er større enn mange vil tru

Lat det merkast i meir enn i ordi
at me halda den arven i stand,
at når fedrane sjå att på jordi,
dei kan kjenna sitt folk og sitt land

Ivar Aasen

Då referenten hadde ferie i begynnelsen av august mnd. er dessverre møtereferatet noko ufullstendig.

Møte 2. august

Visepresident Arve Røyset leda møtet. Referenten har her ikkje opplysningar om programinnslag, men eg forstår det slik at Trygve Riise har fortalt om ferieturen han og Åse hadde til Canada i sommar.

Møte 9.august

Referenten har ikkje fått opplysningar om programinnslag frå dette møtet.

Møte 16.august

Opning ved president Ingar Bigset
Grunnna jobbsituasjon vart Dagfinn Vattøy og John Jarle Holstad innvilga gyldig frávær med muligheit for å bli med på medlemsmøta når dei er heime.
Anne Gry Eilertsen sluttar i klubben som følge av at vakter i jobben som journalist i Vikebladet/Vestposten kjem i konflikt med møtedagen til Hareid Rotary.

Anders og Kim Lillebø orienterte om Ryla 2004 – seminar for ungdom som vart avholdt på Ulstein Hotell 17. – 20. juni 2004.

4 ungdomar frå Hareid deltok på seminaret. Anders og Kim hadde ei fin og engasjerande orientering om seminaret og dei erfaringane dei gjorde seg.

Møte 23. august

Opning ved president Ingar Bigset
Gjennomgang av komitearbeidet.
Komiteane skal legge fram grunnlag for årsplan.

Arve Røyset – orienterte om medlems-og klubbutvikling

- ✓ behalde/ta vare på medlemmar
- ✓ skaffe nye medlemmar
- ✓ etablere nye klubbar m.m.
- ✓ alle Rotaryanarar har ansvar for medlemsvekst

Hans Gisle Holstad orienterte om yrkesteneste og programteneste med visning til Norsk Rotary Årbok om målsetting og kva som krevst av ein god Rotaryanar.

Arne Lillebø orienterte om internasjonal teneste:

- ✓ Rotary-fondet
- ✓ Internasjonale ungdomsprosjekt
- ✓ PolioPlus
- ✓ Handy camp med mer.

Rotary – 100 års jubileum 23. februar 2005

Jubileet skal feirast på Ulstein Hotell aurdag 26. februar 2005 ilag med Ulstein og Herøy Rotary.

Hareid Rotaryklubb er 40 år tirsdag 1.mars 2005. Planen er å halde ei enkel markering mandag 28.februar eventuelt å legge møtet til tirsdag 1. mars med feiring då.

Møte 30. august

Opning ved Ingar Bigset.

Programfritt møte – kaffi og vafler
Arne G. Grimstad inviterte Rotary-medlemmane til feiring av Johan H. Grimstad sin 80-års dag på Hareid bedehus.